



Odd Haugen Maskinstasjon AS  
Trollåsen  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13631 - 20/63066

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
07.10.2020

## Landbrukssak gbnr 156/12 Austrheim - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1061/20

### VEDTAK:

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune v/felles landbrukskontor Odd Haugen løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 156/12 Austrheim.**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt. Vedtaket er gyldig til 30.10.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

### Saka gjeld

Odd Haugen søkar om å bygge landbruksveg på gbnr 156/12 i Austrheim kommune. Det er planlagd nyanlegg på ca 140 meter og ombygging av eksisterande veg på ca 40meter. Vegen skal gje betre tilkomst til dyrka mark på eigedommen. Fullmakt frå eigar ligg i sak.

### VURDERING:

Planlagd veg vil gje driftsfordelar og gjera arealet meir tilgjengeleg for jordbearbeiding og drift. Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland.

Sjå svar frå Fylkeskommunen:

*«Vi viser til brev datert 05.08.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.*

*Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.»*

### **Regelverk**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13631

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 156, bnr. 12 - Austrheim kommune  
AcosSvarlInn.xml

### **Kopi til:**

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
-------------------	--------------	------	-----------

### **Mottakarar:**

Odd Haugen Maskinstasjon AS	Trollåsen	5943	AUSTRHEIM
-----------------------------	-----------	------	-----------